Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Eirik Viskjer

Vår dato: 19.09.2014
Vår ref.: 200903291-12
Arkiv: 311
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22959544/saas@nve.no

# Viskjer kraftverk i Etne kommune, Hordaland – ny frist for oppstart av arbeidet

Vi syner til dykkar e-post av 22.8.2014 der de ber om å få forlenga byggefrist for Viskjer kraftverk i Etne kommune.

NVE har i brev av 3.3.2010 gjort vedtak om at det planlagde småkraftverket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova. Vidare vart det i brev av 2.7.2010 gjort ei vurdering om auka slukeevne. Grunngjevinga for at tiltakshavar søker om utsett frist er manglande nettkapasitet ut i frå området. Det vert vist til ein søknad om nettkonsesjon som inne hjå NVE.

NVE ser at grunnen til forseinkinga er forhold som ligg utanfor tiltakshavar sin påverknad. Vi kan ikkje sjå at det er komme opplysningar i saka som er til hinder for forlenging av fristen. Ny frist for oppstart av arbeidet er 3.3.2020.

Det er ikkje gjeve anledning for ytterlegare utsetting. NVE skal ha tilsendt planane for ny vurdering dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan fristen, eller dersom det blir endringar i dei planane som låg til grunn for NVE sine vedtak av 3.3.2010 og 2.7.2010.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.settes automatisk inn ved ekspedering*

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

| Hovedkontor | Region Midt-Norge | Region Nord | Region Sør | Region Vest | Region Øst |
|---|---|---|---|---|---|
| Middelthunsgate 29 | Vestre Rosten 81 | Kongens gate 14-18 | Anton Jenssensgate 7 | Naustdalsvn. 1B | Vangsveien 73 |
| Postboks 5091, Majorstuen | 7075 TILLER | 8514 NARVIK | Postboks 2124 | Postboks 53 | Postboks 4223 |
| 0301 OSLO | | | 3103 TØNSBERG | 6801 FØRDE | 2307 HAMAR |

Kopi:

Etne kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Norsk Grønnkraft AS